



Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen ser det som føremålstenleg med ei teknisk justering av grensa for sone A, slik at den skal følge plangrensa for reguleringsplan for Grotli, sjå figur 3, jf. figur 2..
2. Fylkesrådmannen sluttar seg kommunen sin merknad når det gjeld kap. 5.2, og ny formulering: «*Dersom tamreindrifta i framtida skulle bli avvikla, kan det ved rullering av den regionale planen vurderast om sone D skal inkluderast i det nasjonale villreinområdet.*»



Figur 2. Regionalt planforslag område ved Grotli til 3. gongs høyring.



Figur 3. Regionalt planforslag område ved Grotli, fylkesrådmannen si tilråding etter 3. gongs høyring.

3. fylkeskommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 1. ledd
forslag til Regional plan for Ottadalsområdet.

Vedlegg:

- Sak/protokoll 3. gongs høyring (Vedlegg 1)
- Sak/protokoll 2. gongs høyring (Vedlegg 2)
- Sak/protokoll 1. gongs høyring (Vedlegg 3)
- Planbeskrivelse (Vedlegg 4)
- Handlingsprogram (Vedlegg 6)
- Plankart (Vedlegg 7).

Bakgrunn

Etter vedtak (vedlegg 1) i dei respektive fylkeskommunane¹ i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har forslag til Regional plan for Ottadalsområdet vore på 3. gongs høyring og offentleg ettersyn. Fristen for å uttale seg vart sett til 15.10.15, men enkelte partar fekk fristen forlenga.

- ¹Fylkesutvalget i Oppland,
- ¹Fylkesutvalget i Møre og Romsdal,
- ¹Fylkesutvælt i Sogn og Fjordane,

Rammene for, og målet med planarbeidet går fram av saksframlegget i vedlegg 2. Kort fortald skal den regionale planen sikre eit framtidig leveområde for villreinen i Reinheimen Breheimen villreinområde, samtidig som det blir lagt til rette for regional/lokal omstilling og utvikling. Planen skal vise desse sonene med retningsliner for arealbruken:

- Sone A1 – Nasjonalt villreinområde (NVO)
- Sone B - Randområde
- Sone C – Fjell- og fjordbygder
- Sone D – Tamreinområde
- Sone E – Utvekslingsområde villrein
- Sone F – Utviklingsområde sommarskianlegg
- Sone A3 – friluftsliv
- Viktige trekkområde
- Sone A2 – Landskapsvernombområde med villreinføremål.

Etter 3. gangs offentlig ettersyn har det har komme 14 uttaler til høringsforslaget. Saksbehandlarane i dei tre fylkeskommunane har, saman med prosjektleiaren, samanstilt og drøfta dei innkomne uttalene i eit møte 29.01.16.

Innkomne uttaler med kommentarar:

Statens Vegvesen, Region Øst 25.08.15

«Vi viser til e-post den 03.07.2015 med 3. gangs høring av Regional plan for Ottadalsområdet. Vi viser også til vår uttalelse ved 2. gangs høring. Dette er en felles uttalelse frå Statens vegvesens vegavdelinger Møre og Romsdal, Sogn- og Fjordane og Oppland.

Målet med planforslaget er å utarbeide en regional plan med mål for langsiktig og helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikre villreinens leveområder, i balanse med lokal utvikling. Planen er utarbeidet etter bestilling frå Miljøverndepartementet i 2007.

Status for Konseptvalgutredning (KVU) rv. 15 Strynefjellet

Statens Vegvesen utarbeidet på bestilling frå Samferdselsdepartementet i 2014 en tilleggsutredning til KVU'en. Hensynet til verneområder og villrein er ivaretatt, og det er ingen endringer når det gjelder konsekvenser for villrein i forhold til KVU'en. Til opplysning er en revidert versjon av tilleggsutredningen under utarbeidelse, og Regjeringen har foreløpig ikkje tatt endelig stilling i saken.

Vi har elles ingen merknader til endringene som er gjort siden 2. gangs offentlig ettersyn.»

Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

Villreinnemnda for Ottadalen, 12.09.15

«Regional plan for Ottadalsområdet er lagt ut til 3. gongs offentleg ettersyn og høyring. Høyringsfristen er sett til 15. oktober 2015. Høyringsdokumenta ligg her: <http://www.oppland.no/fagområder/plan-og-miljø/planlegging/regional-planlegging/regional-plan-for-ottadalsområdet.60707.aspx> Det blir bedt om merknader til endringane som er utført sidan planen var på 2. gongs høyring:

1. Fjerne retningslinene for «Fjell og fjordbygder».
2. Flytte grensa for buffersonen ved Billingen i tråd med styringsgruppevedtak før 2. gongs høyring.
3. Endre Uppnose frå «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder».

1. Fjerne retningslinene for «Fjell og fjordbygder»

Slik var retningslinene i førre høyringsutkast:

SONE C | Fjell- og fjordbygder

Sone C er kulturlandskap som omfattar bygdeområde med tettstadar og spreidd busetnad.

Det er kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustadar, men avstanden til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange område at kommunen bør vurdere i kvart enkelt tilfelle om nye tiltak kan få direkte eller indirekte konsekvensar for villreinen og villreinen sine leveområde. Dette er særleg viktig når det gjeld tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.

Sjølv om retningslinene blir fjerna vil det fortsatt vera kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustader. Konsekvensar for villrein må bli vurdert iht naturmangfoldlova før ein kan gjere vedtak. Denne endringa i planen endrar vel i praksis ingen ting?

2. Flytte grensa for buffersonen ved Billingen i tråd med styringsgruppevedtak før 2. gongs høyring

Grensa for buffersonen ved Billingen gjekk nesten ned til Rv 15 ved Billingen i førre høyringsutkast. Billingen er ein viktig innfallsport til Reinheimen nasjonalpark. Billingen Seterpensjonat er etablert ved denne innfallsporten. Det gir større rom for næringsutvikling i dette området om grensa blir flyttet noko høgare opp i terrenget. Stor ferdsel kan få konsekvensar for villrein, men dette er ikkje av dei mest sårbarer eller mest brukte områda av villrein i dag. Den siste delen ned mot vegen er relativt bratt, villrein vil normalt bruke dette området i liten grad. Konsekvensane for villrein av å flytte buffersona noko oppover er truleg liten. Det er hensiktsmessig å styre menneskelig ferdsel til nokre innfallsportar der ein må aksepterer noko høgare grad av forstyrring.

3. Endre Uppnose frå «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder»

Villreinnemnda for Ottadalen argumenterte i førre høyringsuttale for at dette området bør bli lagt i sone A eller B. Det meiner vi fortsatt:

På kartet som fylgjer NINA rapport 643 er det fleire «leveområder utan observasjonar i nyare tid». I tillegg til både Uppnåse i Skjåk og Jettaområdet i Vågå og Dovre gjeld dette fleire tangar i vest. Mange av desse tangane i vest er innlemma i nasjonalt villreinområde. I avsnitt 6 er det skrevet at desse områda både på grunn av reinen sin vekselvise bruk av beite og på grunn av klimaendringar, gjer at desse områda kan bli meir attraktive og også naudsynte for reinen i framtida. Det er derfor viktig at desse områda blir lagt i sone A eller B.»

Kommentar:

Til pkt. 1: Teke til orientering.

Til pkt. 2: Teke til orientering.

Til pkt. 3: Grunngjevinga for tidlegare å ta Uppnose inn som sone A har vore behovet for reserveområde m.t.p. på press på leveområda, klimaendringar og villreinen si beiteveksling. Uppnose har no vorte lagt ut som sone C.

I KU er det sagt følgjande om Uppnose:

«I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev at det føreseielege leveområde for villrein blir litt mindre.»

Fylkesrådmannen vil tilrå å vidareføre Uppnose som sone C ut frå følgjande vurdering:

- Det aktuelle leveområdet på Uppnose er på ca. 10 km², og ligg som ei «øy», omgjeve av bratte lisider og skog.
- For å komme til Uppnose må villreinen følgje ein smal tange mellom Bråtå og Rauddalen.



- Villreinen må krysse eit skogband og bilvegen til Rauddalsdammen for å komme ut på Uppnose.
- Det er ikkje gjort observasjonar av villrein på Uppnose i nyare tid.
- Samla sett framstår derfor Uppnose som eit område med vesentlege trekkhinder, og utan å vera vesentleg for å ivareta villreinen sine leveområde.

Vågå kommune, 24.09.15

«Formannskapet behandla i møte 22.09.2015, sak 75/15, forslag til Regional plan for Ottadalsområdet som er på 3. gongs høyring.

Formannskapet gjorde vedtak om å gje følgjande uttale til planforslaget:

«Vågå kommune har ingen vesentlege merknader til revidert planforslag som er på 3. gongs høyring.
Kommunen viser generelt til tidlegare høyringsuttaler til planen.»

Utskrift av møteboka for sak 75/15 følgjer vedlagt.»

Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

Lesja fjellstyre, 24.09.15

Regional plan for Ottadlaen er på 3 gangs høring. De bes om merknader til:

Vi ber om merknader knyttet til endringene som er gjort siden planen var på 2. gangs høring:

1. Fjerne retningslinjene for «Fjell og fjordbygder».
2. Flytte grensen fbr buffirsonen ved Billingen i trad med styringsgruppevedtak for 2. gangs høring.
3. Endre Uppnose fra «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder».

Fjellstyret uttalte sist: Fjelltvret har følgende uttale til regionalplan for Ottadalen: Planen må ikke fore til hindringer for framtidig nvetableringer innen landbruksnæring. En aktiv bruk av utmarksressursene må kunne opprettholdes.

Pnkt 6.2 i Handlingsplanen. Fjellstyrene bør være representert i administrativ faggruppe, nevnt i handlingsplanen kap 6.2. Fjellstyrene forvalter det største arealet i planområdet.

SAKSBEHANDLERS VURDERINGER

De 3 punktene det høres på berører ikke fjellstyret direkte. Handlingsplanen ligger ikke ute på nett, så om det er gjort endring i punkt 6.2 er ukjent.

FORSLAG TIL UTTALE

Fjellstyret har ingen bemerkninger utover tidligere uttaler.

VEDTAK

Vedtatt som foreslått.

Vedtaket er enstemmig.»

Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 05.10.15

«Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vi viser til vår fråsegn til andre gongs offentleg ettersyn av 31.01.2014. I denne fråsegna var det eit sentralt tema om dei generelle føreseggnene også omfatta sone C, Fjell og fjordbygder. Det vart peika på at det ikkje var foringar for vurdering av villreinområda i sone C sett i høve heilskapen i arealforvaltninga rundt villreinområda.

I planen som no er på høring side 26, går det fram at for sone C er det ingen retningsliner meiner det er viktig at det også er retningsliner for sone C som omhandlar at nye tiltak i sona må vurderast opp mot villreinens arealbruk til ulike tider av året.

Vi har elles ingen merknader til planen.»

Kommentar:

Naturmangfaldlova, plan- og bygningslova, samt sone A og B gjev tilstrekkeleg vern for villreinen sine leveområde, utan at ein treng ha eigne retningslinjer for villrein i sone C. Fylkesrådmannen viser også til dei generelle retningslinene pkt. 5.1 b) og c), som gjev at gjeldande kommune- og reguleringsplanar skal vidareførast. Arealbruken i sone C skal avklarast gjennom kommuneplanane i kvar kommune. Planforslaget blir på dette punkt tilrådd vidareført som ved 3. gongs høyring.

Are Bergheim, 12.10.15

« Vi ønsker å komme med uttalelse i forbindelse med overnevnte plan som griper dypt inn i både Skjåk Kommune generelt og Grotli-området spesielt. Vi regner med at Skjåk Kommune tar det overordna for kommunen, så vi konsentrerer oss om Grotliområdet. "Vi" betyr Grotlifolket, som driver Grotli Høyfjellshotel med tilliggende aktiviteter.

Og la oss, for ordens skyld, si at vi forstår at det legges plan for å bevare villreinen vi har i området vårt. Våre merknader går ikke på det, men på den store mangel planen har i forhold til å oppfylle det som står i handlingsplanen for arbeidet, nemlig å balansere hensynet til villrein med ulike andre hensyn.

I handlingsprogrammet for planarbeidet står det: "konsekvensar for fyljande interesser må vurderast i samband med planen" – deretter er det nevnt flere næringsgrener i 11 "kulepunkt". I punkt 2 heter det (at overnevnte konsekvensutredninger skal gjøres for) "næringsutvikling/lokal økonomi/utbygging". Dette er vårt hovedanliggende her, og det er betenklig at en ikke kan se at slik konsekvensanalyse er gjort for området Grotli. Vi som driver her har ikke blitt kontakta, og vi kan ikke se at det en gang er gjort forsøk på å se på hva de foreslårte tiltak kan ha som konsekvenser for videre utvikling på Grotli.

Det er ikke stor aktivitet på Grotli, og den som er skapt ligger i dalstrengen, der veg og ferdsel går. Selv hytteområdene mot nord, som ble påbegynt for noen år siden, ligger innenfor en avstand på max 500 meter i luftlinje fra riksvei 15. Det er en usedvanlig kompakt utbygging, som ikke er i nærheten av å beslaglegge noe område villreinen har brukt eller bruker.

Slik det er i dag, er det svært vanskelig å få økonomisk lønnsomhet på Grotli. Både i hotellet og i aktivitetene rundt. Det vil derfor fortsatt være behov for å se på mulighetene for å utvikle stedet noe mer. Svært beskjedent – men likevel det som er fornuftig. Og da er det kun én mulighet. En eneste en. Og det er vestover fra hotellet. Mot syd er det veg, elv og på andre sida nasjonalpark. Nord for hotellet et det snaufjell og villreinområde. ca 400 meter fra hotellområdet østover, kommer en til en grense mot eiendommen 246/52. Det vil altså si at den framtidige utviklinga vil måtte foregå mellom hotellområdet slik det er i dag og Kjerringelva. Dette er ei distanse på ca 1,8 km. 1800 meter – det er ikke mye å næringsutvikle seg på..?! Men altså eneste muligheten. Da sier det seg selv at den nyeste versjonen av planen, som legger randområde (sone B) på dette området, stenger den bitte lille muligheten en har for å tenke næringsutvikling på Grotli i framtida.

Området hotellet-Kjerringelva er et område som "lukker" seg selv på tre kanter: mot sør er det vei og vatn (Breiddalsvatnet), mot vest kommer altså Kjerringelva ned og avskjerer området og vest for den mot Hamsevika, er det terrenget som ingen kan gjøre noe i. Det er kun gamle Geirangerveien som gjør at en kan komme videre vestover. Mot nord stiger terrenget bratt opp mot "høe", slik at det bare er

området fra gamle Geirangerveien og ”noen meter” oppover (nordover) som kan nytties. Anslagsvis en 150-200 meter i luftlinje? Altså: snaut 2 km langt og et par hundre meter bredt er det beltet en ser for seg at det kunne skje noe aktivitet i framtiden. Det er ikke mye å ”briske seg på” – men det er det som er. Hele området ligger i forlengelsen av eksisterende, menneskeskapt aktivitet. Reintrekket, og utvekslingen mellom stammene nor-sør, går i Breiddalen, i beltet mellom 6 og 13 km fra hotellet på Grotli. Det har ikke i mine 63 år på Grotli vært rein i området beskrevet over, og da er det er helt ”overkill” å legge på randområde vest for eksisterende turistanlegg.

Videre er det i planen lagt på randområde langs hele Billingsdalen. For Grotli sitt vedkommende går det i fjellsida nord for hotellet på ca kote 1000. Her er det, og vil fortsatt være, aktivitet opp og ned fra Grotli. Videre er det regulert inn et nytt skitrekk som får topp-stasjon på ca kote 1160.

Toppstasjoner på skitrekk trenger en å bygge inn. Det vil derfor bli anlagt et mindre bygg rundt den planlagte toppstasjonen, når den tid kommer. Dette til orientering. Området øst-vest for utvikling og aktiviteter med utgangspunkt i Grotli, er fra Måsåbakkane til Kjerringelva. Nord-sør går avgrensningene fra Grotlivatnet/Breiddalsvatnet til Krosshø. Det er det terregnmessige, naturlige området rundt Grotli, der det bestandig vil være ”folk i farten”.

I det hele tatt er det ikke mulig å forstå hvorfor en trenger randområde mot det foreslårte villreinområde – og i hvert fall ikke hvorfor det blir anlagt så langt ned mot eksisterende bebyggelse, og over aktiviteter som allerede eksisterer, at det må skape konflikter. Unødvendige konflikter! For de som kunne tenkt seg å forsøke å holde liv i næring og arbeidsplasser på Grotli, er slik ”stenging” av framtidige muligheter vanskelig å forholde seg til. Det er verdt å minne om at folk og aktiviteter kom først – og forsalg om randområdet sist. Det kunne kanskje være verdt å stoppe opp litt og tenke på om det kunne vises litt respekt for det som, gjennom 6 generasjoner, allerede er etablert? Vi ber om å få begrunnelsen for, og hensikten med, et slikt randområde. Særlig hensikten i forhold til at det er foreslått etablert over og rundt eksisterende og planlagte (regulerete) aktiviteter i nærområdet hotell og hytter; som skitrekk, skiløyper m.m.

Vår konklusjon er at vi ikke kan se at planen oppfyller vilkårene i handlingsprogrammet i forhold til å vurdere å påpeke ulike hensyn i området, og da spesielt konsekvensene for framtidig næringsutvikling på Grotli.

Det er totalt urimelig at Grotli skal bli fratatt alle muligheter for framtidig næringsutvikling.

Vi ber derfor om at randområdet fra Kjerringelva i vest til Måsåbakkene i øst blir fjerna fra planen.»

Kommentar:

Uttala ser ut til å vera basert på plankart ved 1. gongs høyring. Området Kjerringelva – Måsåbakkane er ved 3. gongs høyring lagt ut som C-sone (bygdenær sone), og dette er avklart med uttaleparten i telefonsamtale.

Fylkesrådmannen ser det som føremålstenleg med ei teknisk justering av grensa for sone A, slik at den skal følge plangrensa for reguleringsplan for Grotli.

Lom kommune, 14.10.15

«Lom kommune har motteke framlegg til Regional plan for Ottadalsområdet til 3. gongs høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist 15. oktober.

Lom kommunestyre gjorde vedtak om uttale til 2. gongs høyring den 30.01.2014 i sak 5/2014. Med unntak av tekniske rettingar tabell- og tallmateriale kan vi ikkje sjå at Lom kommune sine merknader er teke omsyn til i det føreliggande planframlegget. Vi vil spesielt peike på punkt 1 i kommunen sin høyringsuttale:

Verksemda til Lom Tamreinlag er heimla i Lov om reindrift og konsesjon gjeve av Landbruksdepartementet, og kan ikkje regulerast gjennom ein regional plan etter plan- og bygningslova. Punkt a) og b) under sone D – tamreinområde – i kap. 5.2 må derfor slettast, og erstattast av følgjande tekst:

«Dersom tamreindrifta i framtida skulle bli avvikla, kan det ved rullering av den regionale planen vurderast om sone D skal inkluderast i det nasjonale villreinområdet.»

Det er ein viktig føresetnad for Lom kommune si tilslutning til planen at den ikkje legg restriksjonar på Lom Tamreinlag sin bruk av beiteområde innanfor Breheimen nasjonalpark, ut over dei som alt finst i verneforskrift og framlegg til forvaltningsplan. Dersom Lom kommune sine merknader til retningsliner for sone D ikkje blir teke til følge vil kommunen krevje at saka blir lagt fram for departementet for avgjerd, jamfør plan- og bygningslova § 8-4 2. led.

Vi vil også peike på manglande samsvar mellom planførersegnene slik dei går fram av kap. 5.2 sone D, og konsekvensutgreiinga s. 46 – her står det at «Konsesjonsområdet er i planen avsett med eiga sone utan tilhøyrande retningsliner, og det blir her synt til konsesjonen som er gjeve gjennom særlova.». Sistnemnde formulering er i samsvar med Lom kommune sin uttale ovanfor.

Vi vil vidare peike på punkt 2, 3 og 4 i høyringsuttalen til 2. gongs høyring.

Lom kommune har ikkje merknader til dei punkta/endringane som er spesielt nemnt i høyringsbrevet for 3. gongs høyring.»

Kommentar:

Fylkesrådmannen sluttar seg kommunen sin merknad når det gjeld kap. 5.2, og ny formulering:

«Dersom tamreindrifta i framtida skulle bli avvikla, kan det ved rullering av den regionale planen vurderast om sone D skal inkluderast i det nasjonale villreinområdet.»

Skjåk allmenning, 15.09.15

«2015/38 NY SAKSUTGREIING

Saksdokument:

1. Plandokument til 3. gongs høyring (blir sendt som separat fil).

Saksutgreiing:

Regional plan for villreinområdet har vore ute til fyrste og andre gongs høyring. Dei tohøyringsuttalene frå Skjåk Almenning følgjer ovanfor. Planen er no lagt ut til 3. gongshøyring, og fristen for å koma med innspel er 15. oktober 2015. Då planen ikkje vart tilsendt Skjåk Almenning, har almenningsstyraren bede om utsett frist, noko som vart innvilga med 14dagar.

Vurdering:

Almenningsstyraren har gått gjennom det nye høyringsutkastet og har følgjande merknader til planen:

1. I planen står det blant anna at «Lokalsamfunna rundt det nasjonale villreinområdet skal sikrast reelle moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling» og «Utmarksnæring, også utmarksnæring som fell utanfor landbruksomgrepet, skal ges handlingsrom for vidareutvikling». Dette prinsippet har også vore viktig for planutforming og føresetnader for planen. Næringsutvikling er likevel ikkje nemnt i retningslinene, og er heller ikkje omtala i handlingsprogrammet. Skjåk Almenning har tidlegare peikt på at dette er for lite omtala i planen, og held fast på at næringsutvikling blir teke inn både under retningslinene i planen og i handlingsprogrammet.

2. Handlingsprogram

Skjåk Almenning meiner at representant(ar) frå berørte grunneigarar skal implementerast som part i administrativ faggruppe. Dette vil styrke handteringen og rullering av planen, samt at målet om differensiert forvaltning kan oppfyllast enda meir. Lokale aktørar har god og nyttig kunnskap om området, og slik kunnskap er viktig å dra nytte av i ei kunnskapsbasert og differensiert forvaltning.

Når 90 % av arealet til Skjåk Almenning blir berørt av planen er det eit krav om å få med ein representant i administrativ faggruppe.

3. Billingsdalen

Skjåk Almenning minner om det som har vore poengtert i sine tidlegare høyringsuttaler. Vi poengterer likevel:

I planutkastet står det: «Det har vore eit delmål at denne planen ikkje skal leggje strengare føringar enn høgst naudsynt på utviklingsmoglegheitene for kommunar som allereie har bandlagt store areal som verneområde». I dag er omkring 80 % av arealet i Skjåk kommune verna som verneområde, og set i seg sjølv sterkt begrensing på utviklingsmoglegheiter. I den forstand vil den regionale planen bandleggje enda meir areal, og begrense utviklingsmoglegheitene ytterlegare.

Den regionale planen legg opp til sone A og sone B på eit relativt stort område i Skjåk, og blir dette endeleg vil over 90 % (!) av arealet ha svært strenge føringar for utvikling. Vi meiner dette ikkje er i tråd med føresetnadene i planen, og vi set spørsmålsteikn ved i kor stor grad planen har teke omsyn til eitt av sine hovudmål og prinsipp; «Lokalsamfunna rundt det nasjonale villreinområdet skal sikrast reelle moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling».

Dei fleste hyttene i Skjåk er lokalisert i Billingsdalen, frå Polfoss og vestover. Det er også dette området som er naturleg for vidareutvikling og nyskaping innanfor utmarksnæring, noko som er stadfesta i kommuneplanen til Skjåk kommune.

Sjølv om grensa til Sone B frå Billingen og vestover er trekt noko opp, meiner Skjåk Almenning at grensa til Sone B framleis går for langt ned mot dalføret. Området i Sone B blir i liten eller ingen grad brukt av villrein, men grensa er sett slik pga. ytre biologiske leveområde. Med ei slik avgrensing vil dette legge sterke innskrenkingar for handlingsrommet kring næringsutvikling, og er ikkje ei akseptabel løysing. Vi meiner difor at heile sone B, frå Billingen i aust til Grotli i vest skal og må ut av planen. Grensa må følgje verneområdegrensa der dette er naturleg eller grensa for nasjonalt villreinområde. Sone B, frå Billingen og austover kan ligge der slik den er teikna inn på plankartet.

4. Uppnåse

Skjåk Almenning er einige i at Uppnåse er endra frå Sone B til Sone C.

5. Fokusområde Grotli-Breidalen

Breidalen med Rv. 15 er kalvingsområde og kan fungere som utvekslingsområde for villreinstammen mellom sør og nord. Sjølv om det er knytt uvisse til kor stor auke ein får i ÅDT (årsdøgnstrafikk) med den nye Kvivsvegen, reknar ein med minimum 15 %.

Ein stor del av dette er tungtrafikk. Med meir trafikk vil barriereverknadane av Rv. 15 auke og gje området enda meir sårbart.

Om forvaltninga virkeleg vil gje ein forskjell for villrein bør det leggjast enda større press på ny heilårsveg med tunnelløysing slik at området frå Hamsevika til Opplostunellen ikkje blir ei auka forstyringskjelde for villreinen. Dette må i større grad vektleggjast i planen, og lyftast høgare opp når arbeidet med handlingsprogrammet skal gjennomførast.

Almenningsstyret sitt vedtak:

Almenningsstyret stiller seg bak pkt. 1-5 i si høyringsuttale og forventar at dette blir teke til følgje.

Samrøystes.»

Kommentar:

Til pkt 1: Areal og tiltak for næringsutvikling skal avklarast på kommuneplannivå. Grensene for dei ulike sonene er trekt m.t.p. å sikre villreinen sine leveområde, og kommunen sine behov for utbyggingsareal og næringsutvikling. Næringsutvikling/lokal økonomi/utbygging er også ei tema i konsekvensutgreiinga.

Til pkt. 2: Den regionale planen legg opp til at det er offentlege forvaltningsorgan som skal vera med i den administrative faggruppa, medan m.a. Skjåk allmenning vil bli invitert til årlege dialogmøte, jf. det som står i handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner dette er ei tenleg inndeling mellom offentleg forvaltning og grunneigarar/rettshavarar.

Til pkt. 3: Grensa for sone B i Billingsdal er trekt i forståing med Skjåk kommune. Grensa er trekt for å kunne sikre villreinen sine leveområde, samstundes som gjeldande reguleringsplanar ikkje er berørt av buffersona. Retningslinene for buffersona bandlegg ikkje areala for framtid utbygging, men tiltaka skal vurderast opp mot villreininteressene, og om tiltaka er samfunnsmessig tenlege.

Fylkesrådmannen meiner derfor det ikkje er grunnlag for å endre dette no.

Til pkt. 4: Uttala blir teke til orientering.

Til pkt. 5: Fylkesrådmannen vil tilrå at dette blir følgd opp i arbeidet med handlingsprogrammet.

Skjåk kommune, 15.10.15

Behandling i Skjåk kommunestyre - 24.09.2015

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 24.09.2015

1. Fjerne retningslinene for «Fjell og fjordbygder»

Slik var retningslinene i førre høyningsutkast:

SONE C | Fjell- og fjordbygder

Sone C er kulturlandskap som omfattar bygdeområde med tettstadar og spreidd busetnad.

Det er kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustadar, men avstanden til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange område at kommunen bør vurdere i kvart enkelt tilfelle om nye tiltak kan få direkte eller indirekte konsekvensar for villreinen og villreinen sine leveområde. Dette er særleg viktig når det gjeld tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.

Sjølv om retningslinene blir fjerna vil det fortsatt vera kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustader. Konsekvensar for villrein må bli vurdert iht naturmangfoldlova før ein kan gjere vedtak. Denne endringa i planen endrar vel i praksis ingen ting?

Skjåk kommune er positiv til at retningslinene for «Fjell og fjordbygder» blir fjerna.

2. Flytte grensa for buffersonen ved Billingen i tråd med styringsgruppevedtak før 2. gongs høyring

Grensa for buffersonen ved Billingen gjekk nesten ned til Rv 15 ved Billingen i førre høyningsutkast. Billingen er ein viktig innfallsport til Reinheimen nasjonalpark. Billingen Seterpensjonat er etablert ved denne innfallsporten. Det gir større rom for næringsutvikling i dette området om grensa blir fløtt noko høgare opp i terrenget. Stor ferdsel kan få konsekvensar for villrein, men dette er ikkje av dei mest sårbare eller mest brukte områda av villrein i dag. Den siste delen ned mot vegen er relativt bratt, villrein vil normalt bruke dette området i liten grad. Konsekvensane for villrein av å flytte buffersona noko oppover er truleg liten. Det er hensiktsmessig å styre menneskelig ferdsel til nokre innfallsportar der ein må aksepterer noko høgare grad av forstyrring.

Skjåk kommune er positive til at grensa blir fløtt ved Billingen.

3. Endre Uppnose frå «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder»

På kartet som fylgjer NINA rapport 643

(<http://www.nina.no/archive/nina/pppbasepdf/rapport/2011/643.pdf>) er det fleire «leveområder utan observasjonar i nyare tid». I tillegg til både Uppnåse i Skjåk og Jettaområdet i Vågå og Dovre

gjeld dette fleire tangar i vest. Mange av desse tangane i vest er innlemma i nasjonalt villreinområde. I kapittel 6 er det skreve at desse områda både på grunn av reinen sin vekselside bruk av beite og på grunn av klimaendringar, gjer at desse områda kan bli meir attraktive og også naudsynte for reinen i framtida. Ut i frå dette bør arealbruken i desse område vere slik at dei fortsatt vil vere attraktive for villrein i framtida.

Dersom ein derimot ynskjer å redusere arealet som skal vere attraktivt for villrein, er det truleg betre å ta ut tangeområde utan observasjonar i nyare tid enn sentrale leveområder for villrein i dag. Det arealet som blir teke ut av planen som sone A eller B får større moglegheiter for utvikling av andre kvaliteter enn villrein.

Skjåk kommune er positive til at Uppnose blir endra frå «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder»

Kommentar:

Til pkt. 1: Uttala blir teke til orientering.

Til pkt. 2: Uttala blir teke til orientering.

Til pkt. 3: Grunngjevinga for tidlegare å ta Uppnose inn som sone A har vore behovet for reserveområde m.t.p. på press på leveområda, klimaendringar og villreinen si beiteveksling. Uppnose har no vorte lagt ut som sone C.

I KU er det sagt følgjande om Uppnose:

«I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev at det føreseielege leveområde for villrein blir litt mindre.»

Fylkesrådmannen vil tilrå å vidareføre Uppnose som sone C ut frå følgjande vurdering:

- Det aktuelle leveområdet på Uppnose er på ca. 10 km², og ligg som ei «øy», omgjeve av bratte lisider og skog.
- For å komme til Uppnose må villreinen følge ein smal tange mellom Bråtå og Rauddalen.



- Villreinen må krysse eit skogband og bilvegen til Rauddalsdammen for å komme ut på Uppnose.
- Det er ikkje gjort observasjonar av villrein på Uppnose i nyare tid.
- Samla sett framstår derfor Uppnose som eit område med vesentlege trekkhinder, og utan å vera vesentleg for å ivareta villreinen sine leveområde.

Stryn kommune, 15.10.15

«Stryn kommune syner til 3. gongs høyring av Regional plan for Ottadalsområdet.

Det er gjort tre endringar sidan planen var på 2. gongs høyring, berre ein av desse omfattar Stryn kommune. Dette gjeld retningslinene for «fjell og fjordbygder», som no er fjerna. Kommunen kan ikkje sjå at dette vil ha noko stor betydning, i og med at retningslinene i hovudsak synte til kommunane si eige planlegging etter plan- og bygningslova.

Kommunen viser elles til 1. gongs høyring der Formannskapet den 09.01.2013 gjorde følgjande vedtak: Stryn kommune har ingen merknadar til Regional plan for Ottadalsområdet.

Kommunen har, både politisk og administrativt, vore involvert i utarbeiding av planen, og har på den måten fått kome med innspel i løpet av planprosessen.

Med bakgrunn i ovanståande har ikkje kommunen merknader til planframlegget.»

Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

NVE, 15.10.15

«Vi viser til brev av 3. juli 2015 vedrørende 3. gangs høring av Regional plan for Ottadalsområdet.

Store deler av planområdet er fra før vernet, og så langt NVE kan se er denne planens betydning, isolert sett, begrenset i forhold til energiinteresser i områdene (kraftproduksjon, magasiner og kraftoverføringsanlegg).

NVE kan imidlertid ikke se at listen over høringsparter vedlagt høringsbrevet omfatter alle berørte områdekonsesjonærer og kraftselskap (kraftverkseiere), ei heller Statnett eller andre brukseierforeninger enn Glommens og Laagens (GLB).

Vi ber om at alle parter med ovennevnte interesser/virksomheter i eller med tilknytning til planområder blir gitt anledning til å uttale seg i høringen.

NVE viser for øvrig til at det i forbindelse med konsesjonsbehandling av saker/søknader etter energi- og vassdragslovgivningen også skjer grundige avveininger av ulike interesser, herunder naturmangfold/villreininteresser. Dette skjer i henhold til konsekvensutredningsbestemmelsene (KU) i plan- og bygningsloven og NVEs rutiner for saksbehandling, inkludert høringsprosess. For små utbygginger (< 10 MW og/eller 40 Gwh), som ikke omfattes av KU-bestemmelsene, foreligger det en mal for NVEs saksbehandling som ivaretar alle relevante interesser på en tilsvarende måte.

NVE har ingen øvrige merknader.»

Kommentar:

Det er uheldig viss enkelte høringspartar ikkje har fått høringsbrevet, men høyringa har vore kunngjort i avisene og fylkeskommunane sine nettsider.

Uttala blir elles teke til orientering.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 30.10.15

«Vi vil i kommentarane frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane konsentrere oss om Sogn og Fjordane fylke sin del av Ottadalen, dvs. Luster og Stryn kommune. Vi er klar over at nokre av kommentarane skulle vore spilt inn tidlegare i planprosessen, men dette har ikkje late seg gjere på grunn av avgrensa kapasitet.

Generelt meiner vi at Regionalplanen for Ottadalen er godt gjennomarbeidd og oversiktleg.

Det hadde vore positivt med ei markering på kartet som syner kvar Vest-jotunheimen grenser inn til Ottadalen, ved hjelp av ein skravur utanfor plankartet/grensa for villreinområdet.

Avgrensingane i Luster er greie. Det kunne med fordel vore diskutert/teke med i teksten at det er «ønskeleg» at villreinen nyttar meir av arealet i Luster. Det har vore eit prosjekt om reetablering av villrein i Luster, der konklusjonen var at dette må skje ved naturleg spreiing. Det er store unytta beiteområde i Luster, spesielt sommarbeite.

Eit viktig område er Breidalen utanfor tunnelen frå Stryn. Her bør det arbeidast for å få forlenga denne tunellen austover t.d. til Breidalsvatnet. Det er viktig å sikre dette området for villreinen, slik at trekk-korridoren er tilgjengeleg også i framtida.

Luster kommune grensar inn til tamreinområdet i Lom på Sognefjellet, og tamreinområdet ligg innanfor Ottadalen villreinområde. Vi ser det som uheldig med denne samanblandinga, sjølv om det er presisert at den tamme og den ville reinen er genetisk lik. Etter vår vurdering burde tamreinområdet vore utanfor villreinområdet for å minske ev. framtidige konfliktar.

Generelt er det viktig å ta med i villreinområdet alle tangar/bremmar sjølv om dei berre unntaksvise er i bruk i dag. Dette kan vere viktige område for villreinen i framtida.

Vi meiner og at det vil vere riktig å ha retningsliner i sone C, Fjell og fjordbygder.

Utover dette har vi ingen spesielle merknader til regionalplan for Ottadalen villreinområde.»

Kommentar:

«Ønskje om å markere grensa mellom Vest-Jotunheimen og Ottadalen: Grenseområda er stort sett avmerkt med eigne soner: Tamreinområdet (Lomseggen) og Utvekslingsområde (Sognefjellet). Den Regionale planen har ingen verknad utanfor plangrensa, og kan derfor ikkje markere/vise arealbruk utanfor det formelle plankartet.

Reetablering av villrein i Luster har vore drøfta ved fleire høve i Styrings- og prosjektgruppa som ei ønskt utvikling. Slik prosjektgruppa ser det er det ingen avgrensinger i planen som er til hinder for denne utviklinga, snarare tvert imot. Den regionale planen fastsetter det "Nasjonale villreinområdet" som et større område enn det som er vernet etter naturmangfoldloven, spesielt i Luster og på den måten gir villreinen et bedre vern.

Styringsgruppa deler Fylkesmannen si oppfatting om at området vest for Breidalsvannet på Grotli er et viktig utvekslingsområde. Styringsgruppa sendte derfor et eget brev om dette ifm Statens Vegvesens KVU-arbeid. Den Regionale planen ivaretar trekket ved at området er definert inn i Nasjonalt Villreinområde og ved ei Buffersone vest for Breidalsvannet.

Når det gjeld tamrein har tamreinnæringa vore aktivt med i planprosessen og die er nå nøgde med måten tamreinområder er vist i kart og bretningsliner. Hovudårsaka til at tamreinområder er vist i den regionale planen er at det arronderingsmessig hører naturleg til planområdet, tilhører samme nasjonalpark, er definert som biologisk leveområde for villrein i NINA-rapport 643. I tillegg er det naturleg at det dersom det ein gong i framtida blir slutt på tamreindrifta vil dette området inngå i det nasjonalt villreinområdet. Arealet har fått ei eiga sone og retningslinjene i planen er klare på at den regionale planen ikke gir føringar for arealbruken.

Retningslinjer for sone C har vi kommentarar til knyttet til andre merknader ved 3. gangs høring. Her er ikke fylkesmennene enige da Fylkesmannen i Oppland ikke har kommentarer til at vi fjerner retningslinjene.»

Fylkesmannen i Oppland, 04.11.15

«Vi viser til brev om 3. gangs høring og offentlig ettersyn av Regional plan for Ottadalsområdet datert 14. juli i år fra fylkeskommunene i Oppland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Vi har tidligere uttalt oss til planen ved 1. gangs høringsrunde i brev datert 28. januar 2013, og ved 2. gangs høringsrunde i brev av 24. januar 2014.

I hovedtrekk mener vi at 3. gangs forslag til Regional plan for Ottadalsområdet ivaretar villreininteressene på en tilfredsstillende måte. Vi ser at det er gjort noen justeringer gjeldende handlingsprogrammet etter siste høringsrunde. Dette er positivt og i tråd med blant annet vårt høringsinnsplitt.

Det er gjort endringer i både retningslinjer og soneavgrensinger i dette 3. høringsforslaget. Formålet med en langsiktig ivaretakelse av Ottadalsreinen ser ut til å være noe svekket, mens samfunnensnytten av de foreslalte endringene er lite belyst. Vi har derfor noen merknader til dette 3. høringsforslaget. Merknadene er satt opp i prioritert rekkefølge under.

Breiddalen – Grotli - Billingen

Vi har tidligere påpekt at villreintrekket mellom nord- og sørrområdene blir et viktig premiss i framtidige planprosesser for å opprettholde en robust og levedyktig reinstamme. Å unngå forverring av trekkmulighetene mellom nord- og sør-området er ikke minst viktig i forbindelse med pågående klimaendringer. Ut fra dette tilrådde vi ved 1. gangs høring å ta ut områder vest for Grotli fra sone C – "Fjell og fjordbygder" og inn i sone B - "Randområde". Ved 2. høringsrunde var dette gjort, og vi presiserte i vår uttalelse at dette var svært positivt for villreininteressene.

Ved denne 3. gangs høring er noe av justeringene som ble gjort i 2. gangs høringsrunde reversert fra sone B til sone C, samtidig som sone B nord for Grotli er tatt ut og lagt inn i sone C. Å utelate randsone ved Grotli har ikke vært foreslått tidligere, og er hverken nærmere begrunnet eller konsekvensvurdert. Ved 1. gangs høringsrunde uttalte vi følgende om området:

"Det synes å være lite utveksling av dyr mellom nord- og sørrområdet i dag, slik at det er viktig å ikke skape større brukstrykk i området rundt Grotli. Ut fra den sentrale funksjon området Grotli-Breiddalen har for utvekslingsmulighetene mellom nord og sørrområdet, er det viktig at totalbelastningen i området ikke blir for stor. Dette inkluderer også ferdsel generert fra tiltak utenfor selve trekkområdet.

Både Fylkesmannen og fylkeskommunen hadde merknader til omfanget av hyttebygging ved Grotli (forslag om 150 nye hytter) da Kommuneplanen for Skjåk 2006-16 ble behandlet. Fylkesmannen hadde innsigelse til utbyggingsomfanget og anbefalte 30-40 nye hytter, men godkjente til slutt et kompromiss med 75 nye hytter ved Grotli. Det ble også avsatt et hyttefelt ved Billingen med 70 nye hytter (øst for Grotli). Fylkesmannen ser det som positivt at en eventuell videre utvikling i dette området skal gjennomgå en mer grundig vurdering gjennom en kommuneplanprosess. Fylkesmannen forutsetter at villreintrekket mellom nord- og sørømrådene blir et viktig premiss for framtidige planprosesser i områdene rundt Grotli og østover langs hoveddalføret."

Uavhengig om områdene langs Breiddalsvatnet og rundt Grotli blirliggende i sone B eller C, forutsetter vi fortsatt at det i framtidige planprosesser tas hensyn til villreintrekket.

Vi mener for øvrig at de justeringer som er gjort fra sone B til sone C rundt Billingen ikke er av et slikt omfang at vi har noen spesiell kommentar til dette.

Jetta og Uppnosi

Vi tilrådde i 2. høringsrunden å la Jetta-området i Vågå ligge i sone B som et randområde slik det var foreslått ved første gangs høring, og ikke i sone C. Begrunnelsen var områdets potensiale som vinterbeiteområde og behovet for slike reservearealer i fremtiden på grunn av reinens naturlige sykliske beitebruk, og uvissitet rundt klimaendringer. Jetta ligger i denne 3. høringsrunde fortsatt i sone C. Det er heller ikke nå gjort noen nærmere begrunnelse for hvorfor området ble tatt ut fra sone B, og det foreligger ingen konsekvensvurdering. Vi opprettholder derfor vår tilrådning for dette området om at det bør ligge i sone B.

Vi har ingen spesiell merknad til at Uppnosi nå er lagt i sone C. Området har et lite areal, og således trolig mindre verdi som reserveareal for reinen i fremtiden jamført med for eksempel Jetta-området.

Fjerning av retningslinjer fra sone C – Fjell- og fjordbygder

Følgende retningslinje har blitt fjernet:

"Det er kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustadar, men avstanden til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange område at kommunen bør vurdere i kvart enkelt tilfelle om nye tiltak kan få direkte eller indirekte konsekvensar for villreinen og villreinen sine leveområde. Dette er særleg viktig når det gjeld tiltak som kan påverke sårbare villreinområde. "

De fleste områder i sone C ligger naturlig avgrensa fra nasjonalt villreinområde gjennom geografiske barrierer, mens tiltak i andre områder vil kunne få stor konsekvens for reinen sitt leveområde. Det følger uansett av generelle krav i både plan- og bygningloven og naturmangfoldloven at konsekvensene av nye tiltak skal utredes også i sone C. Vi har således ingen spesiell merknad til fjerning av ovennevnte retningslinje.»

Kommentar:

Til Breiddalen – Grotli – Billingen: Uttala blir teke til orientering.

Til Jetta Uppnosi: Grunngjevinga for tidlegare å ta Uppnose inn som sone A har vore behovet for reserveområde m.t.p. på press på leveområda, klimaendringar og villreinen si beiteveksling. Uppnose har no vorte lagt ut som sone C.

I KU er det sagt følgjande om Uppnose:

«I samband med 2. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone A1 Nasjonalt villreinområde til Sone B Randområde. I samband med 3. gongs høyring er området på Uppnose i Skjåk endre frå Sone B Randområde til Sone C Fjell og fjordbygder. Dette gjev at det føreseielege leveområde for villrein blir litt mindre.»

Fylkesrådmannen vil tilrå å vidareføre Uppnose som sone C ut frå følgjande vurdering:

- Det aktuelle leveområdet på Uppnose er på ca. 10 km², og ligg som ei «øy», omgjeve av bratte lisider og skog.
- For å komme til Uppnose må villreinen følgje ein smal tange mellom Bråtå og Rauddalen.



Figur 1. Topografi ved Rauddalsvatnet og Bråtå i Skjåk.

- Villreinen må krysse eit skogband og bilvegen til Rauddalsdammen for å komme ut på Uppnose.
- Det er ikkje gjort observasjonar av villrein på Uppnose i nyare tid.
- Samla sett framstår derfor Uppnose som eit område med vesentlege trekkhinder, og utan å vera vesentleg for å ivareta villreinen sine leveområde.

Til sone C: Naturmangfaldlova, plan- og bygningslova, samt sone A og B gjev tilstrekkeleg vern for villreinen sine leveområde, utan at ein treng ha eigne retningsliner for villrein i sone C.

Fylkesrådmannen viser også til dei generelle retningslinene pkt. 5.1 b) og c), som gjev at gjeldande kommune- og reguleringssplanar skal vidareførast. Arealbruken i sone C skal avklarast gjennom kommuneplanane i kvar kommune. Planforslaget blir på dette punkt tilrådd vidareført som ved 3. gongs høyring.

Miljødirektoratet, 04.11.15

«Vi viser til brev fra Oppland fylkeskommune 14.07.15, der forslag til regional plan for Ottadalsområdet i henhold til plan- og bygningslovens §§ 5-2 og 8-3 legges ut til 3.gangs høring og offentlig ettersyn. Videre viser vi til vår uttalelse til planprogrammet av 20.01.11 og vår uttalelse til planforslaget ved 1.gangs høring av 29.01.13 (begge fra daværende Direktoratet fornaturforvaltning), samt vår uttalelse ved 2.gangs høring 22.01.14.

Merknader til sonering og retningslinjer

I vår uttalelse til 1.gangs høring hadde vi noen konkrete forslag til justering av generelle retningslinjer, sonering og retningslinjer for sonene. Disse var godt ivaretatt i det nye planforslaget, og Miljødirektoratet hadde ikke ytterligere merknader til dette ved 2.gangs høring. Ved denne 3.gangs høring er det imidlertid gjort endringer i Skjåk kommune gjennom at sone B Randområde er fjernet i områdene omkring Grotli og vestover i Breiddalen. Dette området er i NINA Rapport 643 utpekt som et særskilt fokusområde, der det er viktig å opprettholde fortsatte muligheter for villreintrekk mellom nord- og sørrområdet. Endringen må vurderes som negativ for villreinen, og vi kan ikke se at det er gitt noen god begrunnelse for eller konsekvensvurdering av denne endringen i plandokumentet. Vi tilrår at iallfall deler av disse arealene tilbakeføres til sone B.

Det er også gjort en soneendring ved Uppnosi. Dette området var ved 1.gangs høring avsatt som sone A Nasjonalt villreinområde, ved 2.gangs høring som sone B Randområde og nå ved 3.gangs høring som sone C Fjell- og fjordbygder. Heller ikke her kan vi se at det er gitt noen god begrunnelse for eller konsekvensvurdering av endringene. Uppnosi er et relativt isolert endefjell som ikke er dokumentert brukt av rein i nyere tid, men det finnes villreinrelaterte kulturminner og det er kartlagt som et potensielt leveområde med helårsbeite som kan ha betydning i framtida, f.eks under vanskelige beiteforhold. Vi vurderer imidlertid denne soneendringen som mindre viktig for villreinen enn den som er gjort ved Grotli.

Ved 3.gangs høring er det også foreslått å fjerne retningslinjene som i tidligere planforslag gjaldt for sone C Fjell- og fjordbygder. Retningslinjene tydeliggjorde at avstanden fra sone C til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange områder at kommunen bør vurdere i hvert enkelt tilfelle om nye tiltak kan få direkte eller indirekte konsekvenser for villreinen. Slik sonene er benyttet i denne planen kan ikke konsekvenser for villrein sies å være «forhåndsavklart» for alle områder som ligger i sone C, og dette forsterkes ytterligere av de foreslalte planendringene som er kommentert ovenfor. Det følger av krav i plan- og bygningsloven og naturmangfoldloven at konsekvensene av utbyggingstiltak skal utredes også i sone C, og hensynet til villrein kan ikke utelates fra denne vurderingen. Vi mener derfor at planen gir best veiledning for kommuner og andre som utarbeider planer dersom retningslinjene for sone C beholdes.»

Kommentar:

Til randområdet Grotli – Breidalen: Vise til uttale fra Grotli. Avgrensa til Grotliområdet, vestlege delar av Breidalen er ivareteke med buffersone og NVO.

Til Uppnose: Uttala blir teke til orientering.

Til sone C: Naturmangfaldlova, plan- og bygningslova, samt sone A og B gir tilstrekkeleg vern for villreinen sine leveområde, utan at ein treng ha eigne retningsliner for villrein i sone C. Fylkesrådmannen viser også til dei generelle retningslinene pkt. 5.1 b) og c), som gir at gjeldande kommune- og reguléringsplanar skal videreførast. Arealbruken i sone C skal avklarast gjennom kommuneplanane i kvar kommune. Planforslaget blir på dette punkt tilrådd videreført som ved 3. gongs høyring.

« Vi viser til kunngjøring angående offentlig ettersyn av Regional plan for Ottadalsområdet.

GLB sine hovedinteresser innenfor planområdet er vassdragsreguleringsanlegg, herunder reguleringsmagasiner med tilhørende hjelpeanlegg og aktiviteter knyttet til drift av våre anlegg.

GLBs viktigste anlegg innenfor planområdet er:

- Aursjøreguleringen

- *Magasin («vatn» med sone A1 rundt)*
- *Damområdet med dam og driftsbygninger (sone A1)*
- *Anleggsveg fram til dam (sone A1/C)*
- *Inntak (sone A1)*

- Raudalsreguleringen

- *Magasin («vatn», sone A1 rundt)*
- *Damområdet med dam og fjelltunneler (sone A1)*
- *Målestasjon i vassdraget (sone A1)*
- *Driftsbygninger (sone A1)*
- *Anleggsveg (sone A1/C).*

- Breidalsreguleringen – og overføringen

- *Magasin («vatn» med sone A1, B, C rundt)*
- *Damområdet med dam, tipp, driftsbygning, veger m.m. (sone C)*
- *Målepunkt magasinvannstand (sone B)*
- *Ruberget pumpestasjon med fjelltunneler og portalbygg (sone A1)*
- *Steintipp ved portalbygg pumpestasjon (sone A1)*
- *Anleggsveg (sone A1/C)*

Det ligger store vassdragsreguleringsanlegg innenfor planområdet, som i sum utgjør betydelige samfunnsverdier. Sammenlignet med en del andre tema som beskrives i planen mener vi vassdragsanleggenes eksistens er underkommunisert i planen. Det er viktig å påpeke at vassdragsanleggene i Skjåk er av en slik størrelse at de har betydelig samfunnsverdi. Til sammen er det magasinkapasitet til om lag 500 GWh i Raudalsvatnet, Breidalsvatnet og Aursjøen. Dette representerer en årlig verdi på 125 mill. kr (ved kraftpris 25 øre/kWh), og en betydelig del av denne verdiskapningen tilfaller staten, kommunene og grunneiere. Reguleringene bidrar også til betydelig flomdemping (se lengre ned), men den samfunnsmessige verdien av dette er så langt ikke tallfestet.

GLB ser det som en mangel at det i planens pkt. 5.1 om generelle retningslinjer ikke fremgår klart at eksisterende vassdrags- og energikonsesjoner innenfor planområdet gjelder uavhengig av regional plan. Videre fremgår det at under pkt. 5.1 Felles retningslinjer pkt. d at temakart skal vektlegges ved behandling av søknader om tiltak. Sett i sammenheng med dette mener GLB at eksisterende vassdragsreguleringsanlegg må tegnes inn på temakartet. GLB ber om å bli kontaktet dersom det er behov for å stedfeste våre anlegg nærmere i forbindelse med at anleggene skal innføres på temakartet. Vi kan oversende shape-/sosifiler med plassering av anleggene på forespørsel.

Vedlikehold og oppgradering av anleggene medfører behov for større og mindre anleggsarbeider. I forhold til potensielle konsekvenser ved dambrudd er det egne forskrifter med krav til dammenes tekniske tilstand. Dette medfører at det fra tid til annen må utføres betydelige anleggsarbeider i og ved dammene for å sikre at forskriftsfestede krav til damsikkerhet overholdes. For GLBs anlegg innenfor planområdet er det trolig oppgradering av Raudalsdammen, eventuelt bygge en helt ny dam nedenfor den eksisterende dammen (avhengig av hvilke pålegg NVE gir), som vil bli det mest omfattende tiltaket. I løpet av få år er det også sannsynlig at det vil bli arbeider ved Aursjødammen og/eller Breidalsdammen. I området fra Raudalsdammen og nedover er det etablert flere anlegg, herunder tipper, adkomst til Rauberget pumpestasjon, kabelanlegg og veger. Det vil derfor fra tid til annen være aktivitet i dette området, også utover normalt tilsyn. Generelt er det slik at alle tekniske anlegg før eller senere vil medføre behov for større eller mindre anleggsarbeider knyttet til vedlikehold og oppgradering.

Hva gjelder Raudalsmagasinet er det også et vesentlig flomdempingspotensiale i å forhøye eksisterende øvre reguleringsgrense i magasinet. I 1995 var det en stor skadeflom i Glomma og Lågenvassdraget med store samfunnsmessige kostnader. Etter denne flommen ble det oppnevnt et utvalg (flomtiltaksutvalget) ved kgl.res. 13. juli 1995 med formål å utrede muligheter for å redusere samfunnets sårbarhet for flom. Det ble nedsatt flere arbeidsgrupper og arbeidet er oppsummert i NOU 1996:16 Tiltak mot flom. Stortingsmelding 42 (1996 – 1997), som tar utgangspunkt i NOU 1996:16 ble behandlet og godkjent i statsråd 25. april 1997. Ett av flomdempingstiltakene som er beskrevet i stortingsmeldingen er ytterligere regulering av Raudalsvatn.

Det er sannsynlig at klimaendringer vil føre til stadig hyppigere flomhendelser. Samtidig har de senere års store flommer i Gudbrandsdalen medført betydelige samfunnskostnader. Dette tatt i betraktning mener GLB at potensiell flomdempingseffekt som en ytterligere regulering av Raudalsvatn kan bidra til, og som er forankret i stortingsmelding 42 (1996 – 1997) har så stor samfunnsnytte at regional plan ikke kan vedtas i sin nåværende form, uten at dette temaet er nærmere kommentert i planen.

I det videre arbeidet med regional plan mener GLB dette kan løses på to måter:

1) Grensen for sone A1 ved Raudalsmagasinet justeres slik at områdene i Raudalensom ligger utenfor verneområdene angis som sone C.

2) Det må henvises til Stortingsmelding 42 (1996-1997) i planen, og fremgå at regionalplan ikke er til hinder for å utvide eksisterende reguleringshøyde i Raudalsvatn.

GLB vil foretrekke alternativ 1. Samtidig understrekkes det at eventuelle konsekvenser for villrein skal utredes og aktuelle avbøtende tiltak vurderes når GLB gjennomfører anleggsarbeid i områder hvor forholdet til villrein er aktuelt.

GLB ser frem til det videre planarbeidet med interesse. Dersom det er spørsmål angående oven nevnte, så bidrar vi gjerne med ytterligere opplysninger. Saksbehandler kan kontaktes på telefon 903 66 373, eller på e-post: ts@glb.no.»

Kommentar:

Konsesjonar for kraftproduksjon og vassdragsreguleringar gjeld uavhengig om det omtalt i den regionale planen, og fylkesrådmannen ser derfor ikkje nokon grunn til å ta dette inn i retningslinene. Det blir elles vist til det som står om vasskraft på s. 21 i planomtalen.

Til pkt. 1: Grense sone A, området har framleis verdi for villreinen sjølv om Rauddalsvatnet er regulert. Planen vil leggje restriksjonar på andre nye tiltak som kan vera til blempe for villreinen sitt leveområde.

Til pkt. 2: «*Meld. St. 42 (1996-1997). Tiltak mot flom*» vart utarbeidd etter flaumen i 1995. Kor vidt dette framleis er eit relevant styringsdokument kan ikkje avklarast i den regionale planen.


Vurdering

Fylkesrådmannen legg til grunn at planforslaget etter å ha vore på offentleg ettersyn for tredje gong har fått ei brei og grundig behandling. For kvar runde har stadig fleire spørsmål vorte avklart slik at det regionale planforslaget no står fram som sameint og balansert. Villreinen er sikra eit stor leveområde med ulike funksjonsområde, der det ikkje vil bli opna for å utarbeide kommunale planar for nye utbyggingstiltak. Samstundes er kommunane sikra areal for vidare utbygging av kommunale byggeområde, og utvikling av strategisk viktige næringsareal. I det regionale planforslaget er ikkje lagt restriksjonar på landbruket sin arealbruk.


Fylkesrådmannen meiner dei endringane som er gjort i planforslaget frå 2. til 3. offentlege ettersyn er tilfredsstillande omtalt i konsekvensutgreiinga i planomtalen.

Fylkesrådmannen vil likevel tilrå følgjande mindre endringar i planforslaget i samband med sluttbehandling av planen:

4. Fylkesrådmannen ser det som føremålstenleg med ei teknisk justering av grensa for sone A, slik at den skal følgje plangrensa for reguleringsplan for Grotli, sjå figur 3, jf. figur 2..
5. Fylkesrådmannen sluttar seg kommunen sin merknad når det gjeld kap. 5.2, og ny formulering: «*Dersom tamreindrifta i framtida skulle bli avvikla, kan det ved rullering av den regionale planen vurderast om sone D skal inkluderast i det nasjonale villreinområdet.*»



Figur 2. Regionalt planforslag område ved Grotli til 3. gongs høyring.



Figur 3. Regionalt planforslag område ved Grotli, fylkesrådmannen si tilråding etter 3. gongs høyring.